



Statens vegvesen

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/63506-11

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.11.2019

Om mellombels dispensasjon frå rekkefølgjekrav i detaljreguleringsplan – Holme forretningsområde – Meland kommune

Vi syner til vedtak om dispensasjon frå rekkefølgjekrav for tiltak på eigedom gnr. 10 bnr. 85 – Holme i Meland kommune.

Om saka

I detaljreguleringsplan for Holme forretningsområde er det i §3.2 og §3.3 sett krav om rekkefølge for tiltak knytt til trafikktrygging av mjuke trafikantar, mellom anna planskilt kryssing. Tiltaka skal vere ferdig opparbeidd før mellombels bruksløyve for tiltak innanfor BKB.

Utbygger av forretningsområdet BKB har søkt om dispensasjon frå rekkefølgjekrava fordi arbeida med infrastrukturen er forseinka. Forseinkinga skuldast dels at det har vore krevjande arbeidstilhøve, på grunn av fleire byggeprosjekt innanfor eit lite avgrensa areal.

Statens vegvesen er byggherre for infrastrukturtiltaka, men er i tillegg forvaltningmynde for fylkesvegen og har sektoransvar for vegtransport, herunder trafikktrygging. Etter vårt syn burde saka vore sendt oss til uttale før kommunen fatta vedtak i saka.

Vår byggeleiar har mellom anna uttalt følgjande i e-post:

«Mi tilbakemelding er basert utifrå mi rolle som byggeleiar på prosjektet.

(...)

Byggherre har for så vidt ikkje innvendingar med at ny butikk vert opna i veke 49, men er litt uroa for den auka trafikkmengda som ei nyopning og julehandel vil medføre når anlegget er i ein slutfase med avsluttande arbeider for å ferdigstille til tiden.»

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I kommunens vedtak står følgende:

«Vidare legg søkjar ved e-post fra Statens vegvesen der dei skriv at dei ikkje har noko imot at butikken vert opna før vegvesenets prosjekt er ferdig.»

Statens vegvesen meiner det er beklageleg at Meland kommune mistolkar eposten frå vår byggjeleiar slik. I framtida vil vi be om at dispensasjonssøknader og planavklaringar vert retta til oss som forvaltningsmynde.

I vedtaket skriv de vidare:

«Formålet med rekkefølgjekrav er å sikre gjennomføring av tiltak.»

Dette er etter vår vurdering feil. Formålet med rekkefølgjekrava i §3.2 og §3.3 er å sikre at trafikktrygge løysingar er på plass før forretningsbygget vert teke i bruk og bruken av området vert endra.

Vurdering av saka

Kommunen har i saksutgreiinga sett vilkår om at utbyggar skal sikre dei mjuke trafikantane med byggjegjerde og tydeleg skilting. Vidare skal utbyggar forsterke lystilhøva ved fotgjengarfeltet. Det er ikkje sett konkrete lyskrav i vedtaket. Vi ber kommunen påse at belysninga spesielt vert forsterka ved nordenda av gangfeltet.

Generelt er det uheldig at kommunen gir mellombels bruksløyve før tryggingstiltaka er ferdig bygd. Etter vår vurdering er dette ikkje i samsvar med intensjonen i reguleringsplanen. Etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden og krava som er sett i saka, har vi likevel kome fram til at vi ikkje vil klage på kommunens vedtak i saka.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER